

## Skjemainformasjon

Skjema	Søknadskjema ABM-utvikling (nynorsk)
Referanse	290468
Innsendt	08.10.2009 22:11:33

## Opplysningar om søkjar

Søkjar	
Namn på organisasjonen	Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal
Leiar for institusjonen	Jorun Marie Kvernberg, dagleg leiar
Postadresse	Høgskulen i Volda, pb 500
Postnummer / Poststad	6101 Volda
Tlf. til organisasjonen	70075092
Kontaktperson for prosjektet	Jorun Marie Kvernberg
Tlf. til kontaktperson	91318235
E-post til kontaktperson	folkemusikk@hivolda.no
Nettstad	<a href="http://www.hivolda.no/index.php?ID=14272">http://www.hivolda.no/index.php?ID=14272</a>
Org. Nr	974 809 672

## Opplysningar om prosjektet

Prosjekt	
Søknaden gjeld	Møteplassar for kunnskaps- og kulturformidling
<input checked="" type="checkbox"/>	prøver ut nye former for kommunikasjon og formidling i eit abm-perspektiv
<input checked="" type="checkbox"/>	skaper attraktive fysiske og digitale møteplassar og gjerne kombinerer desse

Tittel på prosjektet	Opa webløysing for Folkemusikkarkivet M&R
----------------------	---

### Samandrag av prosjektet

Me ynskjer å legge vårt lyd, video og notearkiv ut på internett - slik at det blir tilgjengeleg for mange fleire. Webløysinga WebbFiol er oppfølgaren til databaseprogrammet Fiol som vårt arkiv har kjøpt inn og delvis kome i gang med. 16.000 enkeltopptak og 25.000 notar ventar på å bli oppdaga! I den analoge forma dei føreligg i idag, er materialet veldig lite tilgjengeleg for brukarar av arkivet. Det er dessutan vanskeleg å finne fram på grunn av at søkesystemet framleis er i permar.

### Prosjektomtale

>Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal (FAMR) vart etablert i 1990. Sidan då har arkivet samla inn 16.000 enkeltopptak fordelt på 850 timar lydopptak og 250 timar videoopptak. I tillegg har me omtrent 25.000 notar. Alt dette stoffet får likevel stort sett ligge urørt fordi samlinga er så lite tilgjengeleg i den forma den føreligg i (analoge opptak lyd/video, notar og andre dokument i papirversjon og eit begrensa søkesystem, -også i papirversjon).

>Me er i desse dagar i gang med digitalisering av store delar av lydsamlinga. Eit av hovudmåla med digitaliseringa er nettopp å gjere stoffet lettare tilgjengeleg. Neste ledd i denne prosessen er å registrere informasjon og tilrettelegge opptak slik at det kan bli tilgjengeleg for publikum gjennom ein søkemotor på nett. Databaseprogrammet FIOLO som me allerede har kjøpt inn, har ei web-løysing på trappene. For å kunne bruke denne webløysinga er det naudsynt at me får lagt inn alt det digitaliserte materialet (lyd, video, notar m.m.) i programmet, og at me får registrert tilhøyrande informasjon. Me må også kontakte opphavsmenn- og kvinner for å klargjere om stoffet kan leggest på nett, då dette ikkje var ei aktuell problemstilling då materialet vart samla inn. Dette er eit omfattande, men særskilt viktig arbeid, både for å ta vare på kjeldene og utøvarane sine rettigheter, og for å byggje opp tillit til vårt arkiv ved seinare innsamlingar. Me vil

også vere i dialog med andre arkiv og offentlege instansar om gjeldane lovar og reglar, og ikkje minst etisk praksis.

>Då FAMR er ei stifting med økonomi til å løne dagleg leiar i 35% er det diverre ikkje mogleg å få gjennomført slike prosjekt utan eksterne midlar. Me søker difor ABM-utvikling om stønad til tilrettelegging og registrering av vårt stoff for WebbFiol. Me gjer merksame på at me ikkje søker om midlar til digitalisering.

>Utgift: For prosjektet er hovudutgifta løn til dagleg leiar hjå FAMR. Dagleg leiar har timeløn på 160 kr, noko som utgjer 204 kr pr time inklusive arbeidsgjevaravgift.

## Framdriftsplan

Framdriftsplan for heile prosjektperioden

Startdato 01.01.2010

Sluttdato 01.01.2011

Aktivitetplaner

Tittel	Frå dato	Til dato
--------	----------	----------

Andre opplysningar/kommentarar om framdrifts-/aktivitetsplan.

## Samarbeidspartnarar

Har du ein samarbeidspartnar? Nei

## Prosjektbudsjett

Prosjekt

Eittårig eller fleirårig prosjekt? Eittårig

### BUDSJETT FOR FØRSTE ÅR

Utgifter

Hva	Beskrivelse	Sum
Personalkostnader (lønn/overhead)	Lønsutgifter registreringsarbeid	kr 116 548,00
Varer/utstyr	Backupharddisk for web-materialet	kr 9 000,00
Tjenester kjøpt av andre		kr 0,00
Andre utgifter (spesifiser)		kr 0,00
<b>Totale utgifter</b>		<b>kr 125 548,00</b>

Inntekter

Beskrivelse	Tilskudd bekreftet?	Sum
<u>Søknadssum ABM-utvikling</u>		<u>kr 90 000,00</u>
Eigenfinansiering	Ja	kr 35 548,00
<b>Totale inntekter</b>		<b>kr 125 548,00</b>

## Vedlegg

- Vedlegg\_Om WebbFiol.pdf
- 20091007\_02 Budsjett ABM.pdf